



Starten på eit puslespel er viktig, med kantane og sortering av bitane.

Etter nedstenginga og koronastriksjonane 12. mars fekk puslespel auka og ny bruk. Brått var det stor etterspurnad og bokhandelen i Rosendal og på Husnes måtte svinga seg rundt med å skaffa eit variert utval av puslespel, alt frå enkle knottespel til spel med 3000 bitar. Det siste er 3D spel der ein får fram landskap og bygningar tredimensjonalt.

Arne Alsaker på Libris Husnes fortel til Uskedalen.no at det har vore godt sal på puslespel etter 12. mars. Leverandørane er stort dei same som for leiker. Prisen varierer frå kr. 200,- til kr. 400,-. Mange puslespel vert produsert av Ravensburger puzzel.

Motiva er for det meste landskap, bygningar og motiv frå kjende byar. Byane kan vera London, Venecia og Paris. Av kjende bygningar og kulturminne finn vi til dømes Tower Bridge og Eifeltårnet. Blomar er eit vanleg motiv. Det same er motiv frå kjende filmar.

Eit puslespel har gjenbruksverdi. Det kan plukkast ned og lånast vidare til neste puslar. Nokre legg det ferdige motivet over på ei plate med lim og har det som dekorasjon på veggen.

Uskedalen.no spør: Kven har pusla eller driv på med puslespel med meir enn 3000 bitar. Kva motiv. Send oss ei melding, gjerne med eit bilete.

uskedalen.no@gmail.com

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal